

# Avfallslevering i landbruket

## - med kvittering frå miljø-/avfallsstasjonar

Etter **norske lover og reglar** skal alle bønder ein gong i året utføre ein eigenrevisjon der dei stadfestar at dei driv i samsvar med KSL-standarden (KSL = Kvalitetssystemet i Landbruket). Kort sagt skal KSL-standarden sikre helse, miljø og god kvalitet på norsk mat for både bonden, industri og forbrukar. KSL vert drive av **Matmerk**.

**Avfallshandtering** er sjølvsagt ikkje noko unntak. I KSL-standarden er det fleire sjekkpunkt (krav) som går på handtering og levering av avfall som er vanleg for bedrifter i landbruket. Med Agrilogg si nye løysing vil bonden kunne dokumentere at han/ho faktisk har levert avfallet ved ein godkjend avfallsstasjon. Løysinga krev ingen installasjon av programvare eller brukarnamn og passord for dei tilsette ved miljø-/ avfallsstasjonane.

### Ingen installasjon av programvare for miljø-/avfallsstasjonane

Denne løysinga krev ingen installasjon av programvare eller brukarnamn/passord for dei tilsette ved miljø-/avfallsstasjonane. Bøndene brukar Agrilogg.

### Slik vil det gå føre seg (sjå også side 2):


1. Bonden fraktar avfallet til avfallsstasjonen og noterer alt avfall (type og mengde/vekt, m.m.) i Agrilogg-appen
2. Bonden tastar inn renovasjonsbetjenta sitt mobilnummer i Agrilogg-systemet og Agrilogg sender i same sekund ein førespurnad om godkjenning pr SMS til betjenta
3. Betjenta trykkjer på linken i SMS'en og får sjå avfallslista (via Agrilogg sitt avfallsleverings-system). Betjenta ser over lista og godkjenner leveringa med eit tastetrykk, endringar kan gjerast undervegs.
4. Bonden får kvittering pr SMS - og i tillegg vert kvitteringa lagra i bonden sin Agrilogg-konto. For bonden vil den elektroniske kvitteringa vere god og gyldig dokumentasjon ved neste KSL-revisjon

Agrilogg brukar **Retura** sine standard avfallskategoriar og **Miljødepartementet** si oppdaterte liste over godkjende avfallsstasjonar (bonden får automatisk opp namnet på dei næraste avfallsstasjonane). Bonden får i denne prosessen også informasjon om kravet til deklarasjon ved levering av farleg og radioaktivt avfall.

Vi håper at vi med denne løysinga kan slå eit slag for miljøet og at den norske bonden får ein enklare kvardag.

### Kort om Agrilogg:

Agrilogg er ein web-app for norske bønder der hovudformålet er å dokumentere drifta frå A til Å med omsyn til sprøyting (m/plantevernjournal), gjødsling, HMS, slått, planteproduksjon, m.m. Systemet er utvikla av norske Agrilogg AS.



1. Bonden leverer avfallet og taster inn type avfall og mengde/vekt i samsvar med betjenten sine opplysninger.

Dette vert lagra i Agrilogg sin modul for avfallshandtering.

2. Bonden ber om betjenten (eller avfallsstasjonen) sitt mobilnummer og legg det inn som godkjennar.

Agrilogg-systemet sender ein SMS til dette mobilnummeret for godkjenning (og kvittering) av bonden si avfallslevering.



3. Betjenten (eller avfallsstasjonen) mottar ein SMS frå Agrilogg, ser over lista og godkjenner leveringa/innhaldet med eit tastetrykk.

Betjenten kan enkelt endre alle data i lista (f.eks. vekt) før han/ho trykkjer Godkjenn.

4. Når betjenten har godkjent førespurnaden vil bonden få ein SMS om dette - og kvitteringa vert lagra i Agrilogg.

For bonden vil den elektroniske kvitteringa vere ein god og gyldig dokumentasjon ved neste KSL-revisjon.

